



Referat frå elevrådsmøte 8-10, tysdag 20.01.26

Desse møtte i tillegg til elevrådskontakt Hilde:

8A: Andreas og Frøya

9A: Nora og Eline

10A: Dina og Dhalia

9B: Tina og Therese

10B: Bernhard og Jakob

Saksliste

Sak 1: Orientering / påminning til klassane

Stillesone i biblioteket i klassane. Nokre har hatt påminning i klassane. Dei som ikkje har gjort det, minner om det ved gjennomgang av referatet.

Sak 2: FAU sin kosthaldsretteiar

Førre elevråd kom ein følgjande innspel til kosthaldsretteiaren:

- Usamd i at ein ikkje skal få sjokolade/kjeks/kakao på tur dagar, samt siste skuledag. Dette er få spesielle dagar og utgjer ikkje det store gjennom heile året. Kjekke tradisjonar som ein ynskjer å ta vare på.
- Meiner at det bør vere lov med ein liten tursjokolade på t.d. fjelltur. Då har ein vore i aktivitet og det er fint å kunne unne seg ein liten tursjokolade. Ein skal sjølvstendig ha ei sunn og god matpakke med seg i tillegg.
- Is i skuletida: det skjer ikkje ofte, kanskje ein gong på våren i samband med aktivitetsdag. Det skjer i ein spesiell setting og det er ei lita mengd. Det er ikkje det som vil utgjere fare for helsa. Det er ikkje snakk om at det er kvar dag.

Innspel frå klassane:

8A:	• Skulen bør ikkje bestemme kva elevane har i matpakka, føresette må rå over det. • Klassen har eit spørsmål til det som står: i skrivebrevet står det først at ein ikkje skal ha noko usunt, medan bakerst i punkt 19 står det at «bakevarer og andre produkt med mykje sukker og/eller feitt bør berre serverast ved spesielle høve». Klassen meiner at dette er litt motseiande, og at dagar som siste skuledag bør kunne gå under kategorien «spesielle høve». • Ein meiner at retteiaren ikkje tek omsyn til elevar med allergiar eller som har vanskar med tekstur på ulik mat. Det kan vere mange årsaker til at nokon kanskje må ete noko «usunn» mat for å i heile tatt få i seg mat. • Forslag til kompromiss: halde på siste skuledagane før jul og sommar, skidagen, men unngå andre dagar.
9A:	Har ikkje fått drøfta saka.
9B:	Har ikkje fått drøfta saka.
10A:	• Bra med fokus på sunn mat, men at det må vere nokre unntak på spesielle dagar (siste skuledag, skidag - kakao). Syns det må vere innafor med saft på flaske på vanlege skuledagar. • Må vere retta mot heimane og opp til foreldra kva mat elevane har med seg på skulen – ikkje noko skulen kan bestemme. • Skal ikkje syltetøy få lov å vere på nista? • Kva med kantinematen – kan ein ikkje ha det som er der no?



10B:	• Ynskjer unntak på turdagar, siste skuledag. Varm drikke på skidagar bør vere lov. • Meiner at det kanskje bør vere alderstilpassa - ulike tilrådingar tilpassa ulike trinn. • Om det skal vere slik det er skrive no, bør ein ha felles matsservering på skulen – den einaste måten det kan bli likt for alle. Ein er uroa for dei som av ulike åraker ikkje kan pakke dei «fine og rette» matpakkane heime. • Balanse er viktig – i råda no blir det oppfatta som at noko er rett eller gale. • Det er sukker i mykje mat – kva kan ein eigentleg ete og drikke? • Det må takast omsyn til elevar med allergiar, diabetes og dei som er kresne. Formuleringane og fokuser gjer til at det høyrer ut som noko er «rett» og «feil» og at «feil» mat er gale. Dette kan gå utover dei som slit med mat og kan skape usikkerheit for enkelte. At ein et noko «usunt» må jo vere betre enn at ein ikkje får i seg mat i det heile. • Ein er ikkje usamde i at det blir laga råd, men desse råda bør gå på matpakka og vere ei tilråding, og noko som kjem frå heimane. • Ein del av det å ha godt kosthald er å ha god balanse. Det lære ein ikkje om alt skal vere ulovleg. Det er viktig at ein får kose seg av og til og det er ikkje isen etter globalløpet som øydelegg kostholdet. • Det blir sagt at veldig mange har med seg grønnsaker/frukt i matpakka allereie. Det vil ikkje opplevast som «kos» om ein får det servert ved «spesielle høve» på skulen. • Kva skjer om nokon t.d. har nugatti på skiva?
------	---

Det blir presisert i elevrådet at råda kjem frå FAU, og vi snakkar om skilnaden på «råd» og «reglar». Det er viktig at elevrådet no brukar innspela til å gje ei tilbakemelding til FAU og slik kan påverke korleis råda blir sjåande ut til slutt.

Konklusjon: Med utgangspunkt i innspela frå klassane, vil styret i elevrådet (Nora, Therese og Frøya) utarbeide eit skriv med tilbakemelding til FAU. Dette vil vi gjere klart før neste elevråd, slik at elevrådet kan godkjenne det før ein sender det til FAU.

Sak 3: Helseveka

- Klassens dag: nokre klassar har drøfta dette, andre ikkje. Elevrådet er inneforstått med at klassane kan komme til innspel til ting ein kan gjere saman som klasse denne dagen. Det er ikkje nødvendigvis heile dagen, men eit tidsrom i løpet av dagen. Klassane må saman med lærarane på trinnet bli samde om kva klassane skal gjere.
- Felles lunsj:
 - Tenker det kan vere positivt om alle får sitje saman i elevkantina.
 - Type mat: grove rundstykker/brød (hugs glutenfritt), knekkebrød, kjøttpålegg (skinke, mårpølse, fårepølse), ost, syltetøy (lerum), agurk, paprika, tomat, smør: oppkutta frukt og grønt: gulrøtter, appelsiner, eple, banan
- Aktivitetsdag – kva turnering ynskjer ein?
 - Klassane kom med innspel til ulike alternativ. Volleyball og kanonball vart framheva av flest og vart stemt over i elevrådet at ein ynskjer som turnering.
 - Elevrådet er opne for at lærarane kan drøfte eit tredje alternativ og legge til rette for elevar som ikkje er så glade i ballsportar.



Sak 4: Saker frå klassane

8A:	• Det er elevar frå andre trinn som kjem inn i deira garderobe og klasserom. Trinnet si forslag til løysing: Ein må be dei det gjeld om å ikkje komme inn, samstundes skal elevar på 8. trinn heller ikkje invitere dei inn dit. • Trinnet har spørsmål om dei kan opphalde seg i gang/amfi i friminutta. Rakel og Marianne har sagt at dei skal ta dette med seg til hovudsteg.
9A:	• Spørsmål om volleyballnett ute – er det mogleg å få til oppe ved tennisbana på våren? • Spørsmål om å sitje i kantina på kantinedagar. ○ Denne saka hadde vi oppe før jul, og det vart då avtalt at vi skulle arbeide vidare med denne etter helseveka. Den vil bli sett opp på neste elevrådsmøte.
9B:	Ingen saker frå klassen.
10A:	• Spørsmål om å sitje i kantina på kantinedagar. Denne saka hadde vi oppe før jul, og det vart då avtalt at vi skulle arbeide vidare med denne etter helseveka. Den vil bli sett opp på neste elevrådsmøte.
10B:	Ingen saker frå klassen.

Beste helsing

Frøya
Referent

Hilde Sognæs Strandos
Vikarierende elevrådskontakt 8-10